

KYRKJEBLADET

65. årg.


FOR VAKSDAL

Nr. 4/2011

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



KOM TIL MEG ALLE DE SOM SLIT OG
HEV TUNGT Å BERÅ! HJA MEG SKAL
DE FÅ KVIA DYKK UT. MATT-KAP-II VER-28

Bibelen 1643.



Bibelen 2011.

Stamnes kyrkje 150 år Side 6 - 9

Bibelen i ny utgåve Side 4-5

Valresultat Side 10-11

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

Jorunn er på jobb i ekspedisjonstida.

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: To Biblar med 368 års mellomrom: Ein gamal Bibel frå 1643 frå Stamnes kyrkje, omsetjinga er frå 1564 og er på latin. Ein ny Bibel frå 2011 vert lansert 19. oktober. Det store biletet er frå Stamnes kyrkje.

Valet er gjort

Kommunestyre. Fylkesting. Sokneråd. Bispedømeråd. Viktige funksjonar i samfunnet er snart bemanna med nye folkevalde representantar. Eg ynskjer alle lukke til med arbeidet dei neste fire åra.

Nokre kjempa om plassen øvst på lista, andre om den nedste. Det er ein viss skilnad på dei ymse styra og råda. Det har berre vore ei liste til kvart sokneråd her hjå oss, men det er høve for alle medlemmar til å setje opp ei liste, så det vert fleire å velje mellom. Er sakene "heite" nok, kjem engasjementet ofte fram i lyset.

Slik valreglane for sokneråda var utforma i år, kunne eitt enkelt kryss flytte ein kandidat frå nedste plassen på lista til den øvste. I alle fall om det berre var ei enkel liste som var endra. Slik gjekk det ikkje. Oppteljinga viste at størstedelen av setlane som vart lagde i urna var retta, og dette fortalde oss at veljarane hadde ei meining om kven som skulle verte rådsmedlemmar. Og det var flott. Då kan ein kjenne at ein har tillit i kyrkjelyden, og få motivasjon til å gjere ein innsats til beste for bygda.

Enno ein gong, lukke til med innsatsen!

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: Jorunn@vaksdal.kyrkja.no

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Per Småbrekke

tlf. 56 59 89 68 / 908 83 629

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval

tlf. 56 59 58 28

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 4. november 2011



Elevarbeid, laga til skulegudstenesta i Stamnes kyrkje mai 2007.

Ljoset og auga

«Ingen kveikjer eit ljøs og set det i kjellaren eller under eit kar. Nei, han set det i staken, så dei som kjem, kan sjå skinet frå det». Lukas 11.33

Dette er innlysande. Kvifor gøyme ljøset sitt? Ljøset mitt er ikkje verdt noko, vil nokon seie. Kvifor skal nokon vere interessert i ljøset mitt? Ljøset er eit gode som styrkjer einskapen mellom menneske. Det gjev varme, det gjev gode kjensler, og framfor alt gjer det at me kan sjå kvarandre. I sorga er det godt med blomar og ljøs. Ei underfull trøyst.

Men kva då om han eller ho som kjem til deg er blind? Vil du då tenne ljøset ditt? Vedkomande vil ikkje kunne sjå det likevel. Men du kan tenne ljøset og fortelje kva ljøset tyder for deg, og om ikkje den blinde kan fatta ljøsglansen av det ytre ljøset, så kan ho få del i glansen frå det ljøset som er i deg.

Det er ikkje det fysiske ljøset som det her er snakk om, men ljøset frå himmelen. Dei som har sett det himmelske ljøset vil kvar gong dei fortel om det vere med og bringe dette ljøset til jorda.

Jesus har ei likning til: »**Auga gjev lekamen ljøs. Når auga ditt er friskt, er heile lekamen din ljøs. Men er auga sjukt er lekamen din mørk.** Sjå til at ljøset

i deg ikkje er mørker!» Lukas 11.34-35. Med andre ord: sjå til at du ikkje er blind. Søk ljøset der du kan finne det.

Kva tyder så det? Det handlar ikkje her om å vere fysisk blind. Faktum er at mange blinde kan ha eit atskillig betre syn enn mange sjåande. Det er det andelege synet det handlar om. Å sjå det himmelske ljøset for sitt indre auga. Ljøset frå Jesus Kristus gjev håp og trøyst inn i ei mørk tid. Kjærleiken sigrar over døden.

Kva skal til for å kome til tru på Jesus? Då må nokon opne augene mine. Det er her det kan hjelpe med innleiinga om det fysiske ljøset. På same måten som ein sjåande kan openberra eksistensen av ljøsglansen frå stearinlyset han tende i staken for ein blind, kan ein som trur fordi ho har sett det himmelske ljøset hjå Kristus, openberra ljøset for han som ikkje kjenner det.

Eg som menneske og truande er staken kor Kristus har sett ljøset sitt. Det kan skine for alle i huset mitt. Det strålar frå hjartet, eit ljøs eg sjølv ikkje kan sjå. Medmenneska mine kan sjå det og gleda seg. Dei ser at ljøset kjem frå Gud.

Med venleg helsing

Edvard Bø

Sokneprest

Bibel 2011 blir lansert 19.oktober

Bibel for nye generasjonar og nye media

– Når Bibelselskapet har investert i ny omsetjing av Bibelen, er det ikkje minst med tanke på nye generasjonar. Dei skal få oppleve at Gud snakkar deira språk, seier generalsekretær Stein Mydske i Bibelselskapet.

– Vi håper også at vi gjennom ei ny omsetjing kan nå ut til mange nye lesarar. Difor blir bibelteksten også lansert i andre medium, og ikkje bare som bok. Vi veit at ungdom brukar meir tid på mobiltelefon, iPad, lesebrett og PC enn på vanlege bøker. Der skal dei også finne den nye Bibelen.

Nynorsk og bokmål samtidig

– Vi er privilegerte som får to nye omsetjingar av Bibelen samtidig, ein på nynorsk og ein på bokmål. Det er ikkje meir enn 107 år sidan den første heile Bibelen kom på riksmål (1904) og det er 90 år sidan den første heile Bibelen kom på nynorsk (1921), fortel Mydske.

– *Kvifor var det nødvendig med ny omsetjing no?*

– Norsk språk forandrar seg raskt, og det er difor ei spesiell utfordring å lage eit nytt bibelspråk som både kommuniserer godt med ungdom og som ikkje blir for kvardagsleg og uhøgtideleg. Dette var hovudgrunnen til at arbeidet med å revidere 1978-omsetjinga blei sett i gang.



Nytt bibelspråk

Synet på kva som er den beste og rettaste metoden for omsetjing har også endra seg dei siste 30-40 åra. Den førre omsetjinga var meir meiningsbasert og brukte langt fleire ord for å omskrive orda i den hebraiske og greske teksta.

– Bibel 2011 får eit meir moderne norsk språk både på nynorsk og bokmål. Ord som ikkje lenger er i vanleg bruk og som for mange er uforstålege, blir bytta ut. Bibel 2011 får eit norsk bibelspråk som ligg tettare opp til den opphavlege teksten. Det gjeld sær-

lig i bruken av ordbilde og metaforar, noko som blir tydeleg i både forteljande og poetiske tekster, seier generalsekretær i Bibelselskapet, Stein Mydske.

FAKTA om Bibelen og Bibel 2011

Bibeldomsetjingar i Noreg

- 1904: Første omsetjing til riksmål
- 1921: Første omsetjing til nynorsk
- 1930: Revisjon av 1904-bibelen
- 1938: Revisjon av 1921-bibelen
- 1959/61: Ungdomsomsetjing
- 1975: Ny NT - omsetjing
- 1978: Ny omsetjing til bokmål og nynorsk
- 1985: Liten revisjon
- 1988: Bibelen *Den Hellige Skrift* (Norsk Bibel)
- 1996 *Ny Verden* - omsetjinga
- 1997: *Bibelen Guds Ord* (Bibelforlaget)
- 2005: Prøveutgåve av nytt NT
- 2011: Ny omsetjing av heile Bibelen til bokmål og nynorsk

Elleve års arbeid

Det har tatt elleve år å omsetje Bibelen og det har vore eit stort økonomisk løft for Bibelselskapet. Over førti konsulentar og omsetjarar har vore med i arbeidet, og alle har jobba i omsetjargrupper.

Teologar og forfattarar

Kvar omsetjargruppe har hatt ekspertar på Det nye testamentet, ekspertar på Det gamle testamentet og skjønnlitterære forfattarar. Mellom forfattarane er Inger Bråtveit, Hanne Ørstavik, Jon Fosse, Håvard Rem, Oskar Stein Bjørlykke, Paal-Helge Haugen og Karl Ove Knausgård.

Lang veg til godkjenning

Bibeltekstene har passert fem nivå:

- primæromsetjaren
- omsetjargruppa
- redaksjonskomiteen
- Bibelselskapets omsetjarutval
- og til sist styre i Bibelselskapet.

Nettstad for Bibel2011

Her kan du følgje med på kva som skjer og kva arrangement som er på gang.

På nettstaden www.bibel2011.no finn du artiklar om omsetjing, faktastoff om Bibelen og liknande. Du kan også legge inn opplysningar om arrangement der du bur, i samband med lanseringen. Du kan også bruke nettstaden www.bibel.no

Lokalradio - overalt, alltid på Kystradioen.no

Med en nylansert webradio kan du lytte til direkte formiddagssendinger fra både Kystradioen og Radio Gnisten hvor som helst - også på mobilen.



Programansvarleg i Kystradioen, Bjørn Inge Sagstad i studio

Mange, men ikke alle, får inn både Kystradioen og Radio Gnistens direkte sendte formiddagssendinger via vanlig FM-radio. Webradioen når alle som har tilgang til Internett, og er blitt til i et samarbeid mellom Kystradioen, Radio Gnisten og flere andre aktører. Radio Gnisten fokuserer på kristenliv lokalt og nasjonalt. Kystradioen profilerer seg med lokalt stoff fra Bergen og Kystkommunene. Begge har langt mer norskspråklig musikk enn de fleste radiokanaler har.

Få webradioen på mobilen ved å søke opp Radio Gnisten i TuneIn sin app for iPhone eller android-telefoner.

Webradioen finner du ellers på www.kystradioen.no. Den «sender» hele døgnet - hele uken. Her finner du dessuten sendinger fra flere andre av de kristne lokalradioene i distriktet.

På vanlig FM-radio finner du Kystradioen og Radio Gnistens direkte formiddagssendinger blant annet:

Kl. 09-15 på FM 103,6 - 104,8 - 106,8 MhZ. Se www.kystradioen.no og www.radiognisten.no for flere detaljer og sendetider.

Inviterar til *jubileumsfeiring*

Bjørø Dæmring Berge er leiar av jubileumsnemnda for Stamnes kyrkje. Nemnda vart utnemnd av soknerådet, og starta arbeidet sitt i juni i fjor. Medlemane i nemnda har elles vore Oddny Kallestad, Odd Helland, Anny B Leiren, Trygve Kallestad, Sigmund Simmenes og Edvard Bø.

Korleis har arbeidet i nemnda vore?

- Arbeidet har gått veldig fint, medlemane vore innsatsviljuge og me har arbeidd godt i lag.

Kva ynskje har de for jubileet?

- Me vil gjerne få fram at me har eit historisk bygg i bygda, og at Stamnes har vore kyrkjestad frå gammalt av – dette er den tredje kyrkja som står her på staden. Og me vil synleggjere at forfedrane våre sto på og fekk til å løyse ei slik oppgåve i ei lita bygd.

Kva tyder kyrkja for deg, Bjørø?

- Eg er nok ikkje mellom dei faste kyrkjegjengarane. For meg er dette av historisk interesse, eg synes det er særleg interessant med kyrkjebygget. Men kyrkja har me bruk for. Ho er eit fast haldepunkt for oss som bur i bygda, uansett kva tru ein har. Elles er eg jo både døypt og konfirmert i den kyrkja.

Har du nokre minne frå kyrkja frå du var lita?

- Eg hugsar at me var med bestefar til kyrkja. Me

rodde over straumen frå Dæmring og gjekk resten av vegen til kyrkja. Og eg hugsar at bestefar verka så stor der han gjekk, for eg var ikkje van med å sjå han i hatt og frakk. Frå konfirmasjonstida minnes eg at det ein gong sto ei kiste i kyrkja medan me hadde undervisning der. Kyrkja hadde ikkje sakrist då, så kista sto i våpenhuset.

Utstilling

I kyrkja er det for tida ei utstilling over mellom anna gammalt inventar og utstyr som hørde til den kyrkja som sto her før. Utstillinga vart sett opp til Kulturdagane i sommar, og vert nok ståande ei stund til.

- Me gjekk opp på kyrkjeloftet med lommelukt, og vart forbausa over kva me fann der, seier Bjørø. - Og me er glade for at dei før oss har teke vare på dette og ikkje kasta det sjølv om det ikkje lenger er i bruk. Til dømes fann me ein planke med utskjeringsar. Han var ein del av den gamle preikestolen frå 1582. Likeins fann me dører til dei gamle kyrkjebenkane. Dette er nummererte, og i det ser ut til at folk sat plassert i kyrkja etter storleiken på gardane.

Jubileumsskrift

Til jubileet er det og laga eit jubileumsskrift. Dei som har vore med i nemnda er



Bjørø og resten av jubileumsnemnda ynskjer velkomne til å feira den eldste kyrkja i Vaksdal.

Sigmund Simmenes og Oddny Kallestad. Skriftet

ligg føre til jubileumshelga, og vert å få kjøpt i samband med arrangementa då. Seinare vert det å få kjøpt i butikken på Stamnes og på Kyrkje-

kontoret.

Feiring i tre dagar

Feiringa av kyrkje sine 150 år skjer med tre arrangement. På sjølve vigslingsdagen, torsdag den 20. oktober, er det fyrst og



Björg ved altertavla frå kyrkja som sto på Stamnes før.



Messehaklar, den til høgre er framleis i bruk. Her finn ein òg mellom anna gammalt utstyr til jordpåkasting.



Björg med gamle bøker, sylvtøy og mugger.



Planken frå den gamle preikestolen.

fremst borna si feiring. Då er det fyrst eit arrangement i kyrkja, og så fødselsdagselskap i bedehuset etterpå. Laurdagen er det jubi-

leumskonsert med lokale krefter, sundagen er det jubileumsgudsteneste.

– Me vonar at stamnesingane møter opp til jubi-

leumsfeiringane og syner at dei set pris på å ha ei slik kyrkje i bygda, seier Björg. – Me kan vere stolte over kyrkja – og over forfedrane

sitt slit for å få reist ho.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe



Vigsla 20. oktober 1861

Stamnes kyrkje 150 år

Foto: A.M.Hoff

BORNA SI FEIRING!

Torsdag 20. oktober kl. 17.30

Medverkande: Stamnes skule, Stamnes baby- og småbarnssong,
Stamnes barnekor og resten av Korskulen i Vaksdal.
Fødselsdagsfest for borna i bedehuset etterpå!

JUBILEUMSKONSERT

Laurdag 22. oktober kl 17.00

Sunniva Gammersvik, Frode Vik, Hege Eide Vik, Sindre Sortland. Kollekt

JUBILEUMSGUDSTENESTE


Sundag 23. oktober kl 11.00

Prost Arild Hellesøy, noverande og tidlegare prestar i Vaksdal
Kantorane i Vaksdal, Blanke Messingen, Stamnes barnekor, Kilden

Nattverd

Jubileumsoffer

Alle er velkomne til fest i bedehuset etterpå!



Til jubileet er det laga eit jubileumsskrift. Dei som har vore med i nemnda er Sigmund Simmenes og Oddny Kallestad. Skriftet ligg føre til jubileumshelga.

Pris kr 100,-

Skriftet vert selt i samband med jubileumstilstellingane i oktober.

Etter jubileet vert det å få kjøpt i butikken på Stamnes og på Kyrkjekontoret på Dale.

BASARAR

Stanghelle bedehus laurdag 15. oktober kl. 16.00.

Andakt ved Asle Hetlebakke.

Dale bedehus laurdag 29. oktober kl. 16.00.
Andakt ved Reidun Skurtveit.

STORSAMLING

saman med Søndagsskulen
I Dale bedehus

Sundag 6. november kl. 11.00

Helgemessesundag:

Framføring av

Lysvesper

av Egil Hovland

**Sundag 6. november
kl. 18.00 i Dale kyrkje**

*Samansett kor med born
og damer, solist, liturg,
perkusjon, orgel.*

Lysvesper av Egil Hovland har vore framført fleire gongar i Vaksdal tidlegare. Dette er vakker musikk, skriva for firstemmig damekor, solist, orgel, perkusjon, liturg og sjølvstekt er kyrkjelyden ein del av det.

Ein vesper er ei tidebøn om kvelden. Den passar godt til framføring på ein dag som helgemessesundag, ein dag då mange tenner lys. Det blir ei kveldsstund i Dale kyrkje med tende lys og vakker musikk til bøn og meditasjon.

Tverrkyrkjelege Bønemøter

i Dale bedehus
onsdagar kl. 18-19.

Kristne samlast for
å be for kommunen,
bygdene og landet vårt.

Bli med du òg!

Resultat soknerådsvalet

12. september 2011

Kyrkjevalet
2011



Dei nye sokneråda i Vaksdal sine seks sokn er no klåre. I løpet av oktober skal dei konstituere seg. 1. november startar dei sine fungeringsperiodar.

Sokneråda vel mellom anna kvar sin representant til Vaksdal kyrkjelege fellesråd, som startar sin fungeringsperiode 1. desember.

Biskopen utnemner ein geistleg representant til kvart sokneråd, og han har møte- og stemmerette på linje med dei andre medlemene i soknerådet. No har Edvard Bø sete i Vaksdal sokneråd og Stamnes sokneråd. Han er og desse sokna sin sokneprest. Frode Kvamsøe er rådsmedlem og sokneprest i dei andre sokna.

Innan 1. desember skal sokneråda ha valt dei siste fire medlemene i Bjørgvin bispedømeråd. Bispedømerådet har og ein geistleg representant, valt av og mellom prestane i bispedømet, og ein såkalla lek kyrkjeleg tilsett, valt av og mellom dei leke kyrkjelege tilsette. Les meir om Bjørgvin bispedømeråd her: www.kyrkja.no/bjorgvin.

Kyrkjebladet kjem attende til presentasjon av sokneråda i neste nr. Denne informasjonen vert og lagt ut på heimesida vår, www.vaksdal.kyrkja.no.

BERGSDALEN SOKN

Valdeltaking: 54,5 %

MEDLEMER:

Anne Hilde Fosse Osvold	48 røyster
Edvard Martin Kleven	47 røyster
Ragna Lid	46 røyster
Kari Mona Hernes	44 røyster

VARAMEDLEMER:

Asbjørn Berge	43 røyster
Ole Johan Pettersen	40 røyster
Kari Berge	39 røyster
Olaug Fagerbakke	39 røyster
Jorunn Pernille Brekke	38 røyster

DALE SOKN

Valdeltaking: 15,3 %

MEDLEMER:

Roy Steinsland	304 røyster
Fred Eirik Bjørnberg	267 røyster
Eli Kringlebotten	259 røyster
Sissel Karin Sandvik Dale	254 røyster
Eldbjørg Gjertrud Helle	253 røyster
Einar Magne Straume	251 røyster

VARAMEDLEMER:

Evelyn Tvedt	246 røyster
Bjørn Kaare Tollefsen	241 røyster
Oddveig Straume	241 røyster
Ragnvald Kringlebotten	240 røyster
Solfrid Langeland Gjeremo	238 røyster



EKSINGEDALEN SOKN

Valdeltaking: 57,7 %

MEDLEMER:

Berit Vetlejord	55 røyster
Geir Ove Carlsen	49 røyster
Geir Sigbjørn Høvik	48 røyster
Ingvild Brønstad	45 røyster

VARAMEDLEMER:

Kari Brørvik	42 røyster
Knut Arild Furevikstrand	42 røyster
Liv Edith Lavik	40 røyster
Olav J Nese	40 røyster
Sverre Høvik	40 røyster

NESHEIM SOKN

Valdeltaking: 50,0 %

MEDLEMER:

Frøydis Gullbrå	43 røyster
Haldis Bjtveit Øvstedal	38 røyster
Asbjørn Nese	35 røyster
Oddvar Fosse	34 røyster

VARAMEDLEMER:

Magnar Nese	31 røyster
Gunnar Jarle Nesheim	30 røyster
Marit Fjellanger	29 røyster
Jan Arne Fjellanger	28 røyster
Nils L Nesheim	27 røyster

STAMNES SOKN

Valdeltaking: 38,2 %

MEDLEMER:

Eidrun Straume Normann	240 røyster
Bjørn Stamnesfet	213 røyster
Anne Margrete Eikefet	213 røyster
Olaug Helen Lunde Stamnes	212 røyster
Ranveig Signe Neset	205 røyster
Ingebrigt Gammersvik	201 røyster

VARAMEDLEMER:

Erna Bjørg Vedaa	200 røyster
Inger Marie Thunestveit	191 røyster
Elke Marie Hesjedal	190 røyster
Inghild Stien	190 røyster
Eli Marit Hvidsten	183 røyster

VAKSDAL SOKN

Valdeltaking: 27,1 %

MEDLEMER:

Svein Hovlandsdal	298 røyster
Odd Arild Faugstad	280 røyster
Kari Bø	270 røyster
Sonja Berit Boge	267 røyster
Bjørn Knutsen	266 røyster
Morten Eintveit	261 røyster

VARAMEDLEMER:

Grete Loftheim Dale	259 røyster
Daniel Svensson Kinsarvik	257 røyster
Tove Margrete Nordmark	247 røyster
Oddvar Dale	246 røyster
Per Nordmark	240 røyster

Lokale folk i Sjømannskyrkjene

No for tida har me to «lokale» par stasjonert i Sjømannskyrkjer i Spania: Reidun og Odd Dyvik frå Stanghelle er i El Campanario på Costa Del Sol. Anne og Knut Kaldestad, hyttefolk i Bergsdalen, er på Lanzarote.

Reidun arbeidar med diakonale oppgåver og er normalt med i alle gudstenester og kveldsmesser. Det er for tida eit stort barnarbeid, godt over 100 barn og ungdomar samlast førre fredagskveld til tre arrangement, dei minste, dei som er på skulen og for vidaregåande og studentar. Det er godt over 200 studentar på ein medisinsk skule, studentar som tek eit halvår, eller eit heilt år her i samband med sjukepleiarutdanning eller legestudiet. Me har godt besøk på gjestehuset, og har eit opplegg for mellom anna kyrkjelydsstavar, - som mange nyttar seg av.

Odd arbeidar med administrative oppgåver



Reidun og Odd i kapellet på El Campanario.

for hovudkontoret og for eigarorganisasjonen vår i Spania, "Iglesia Noruega en España". Og så prøver han seg som APF-pensjonist i

40 % stilling.

Me trivs og har arbeidsame, gjevande og meningsfylte dagar, og sender våre beste helsingar til

kyrkjelyden frå solfylte Spania.

**Helsing
Reidun og Odd Dyvik**

Vil du lese meir om Sjømannskyrkja på Costa Del Sol kan du gjere det her: www.sjomannskirken.no/costadelsol

Her er vi, Anne og Knut Kaldestad, som er utsendt for Sjømannskirken og er stasjonert på den vakre kanariøya Lanzarote. Knut er tilsett som sjømannsprest/dagleg leiar og Anne som vertskap. Vi er godt i gang med arbeidet her, og har alt blitt godt kjende med dei som er fastbuande nordmenn her. Snart startar turistsesongen, og då lyt vi steike endå fleire vaflar og koke rikeleg med kaffi, slik at folket kan nyte fellesskap i gudsteneste og på kafe med utsikt frå kyrkjeterrassen. Som hytteeigarar i Bergsdalen vil vi seie: Hjarteleg velkommen heimom om du skulle vere så heldig å få besøke øya vår!



Knut og Anne Kaldestad på Lanzarote.

Vil du lese meir om Sjømannskyrkja på Lanzarote kan du gjere det her: www.sjomannskirken.no/lanzarote

**Helsing
Anne og Knut Kaldestad**

Besøk kyrkja di når du sjølv vil

Publikumsmodulen til
Kyrkjebyggdatabasen

www.kyrkjesøk.no

vart lansert i juni.

På den nye KA-nettstaden vert bilete og grunnopplysningar frå alle landet sine 1621 kyrkjer, tilgjengeleg for alle.



Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-.**

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:


Dale: Gyda og Mix

Bergsdalen: Hjø medl. i soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år (1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

239 sider – kr. 50,-.



Vokalensemblet mMokkat heldt konsert i Dale kyrkje 24. september.

Vokalensemblet mMokkat

Vokalensemblet mMokkat vitja Dale kyrkje laurdag 24. september. Ei musikalsk oppleving på høgt nivå. Songane handla om tru, von og kjærleik og vart formidla gjennom ulike klangvalørar, med god intonasjon der akkordane med sine metningstonar kom tydeleg fram. Alt var med og fremja innhaldet som vart framført tydeleg og godt. Ensemblet har profesjonelle songarar som gav det teknisk tyngde og løfta framføringane. Eiga urframføring vart det òg då ensemblet framførte eit verk av ei av songarane, Kjersti Follesø. Ho har skrive fleire komposisjonar me òg fekk høyre. I tillegg til song framførte Tone Heide orgelmusikk som passa fint inn i samanhengen, tidleg musikk og ny musikk. Maria Malmsten som leiar av ensemblet er velkomen tilbake med mMokkat, me høyrer gjerne meir av dei.

Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

VING

Dale Ving har starta opp att for hausten.

Datoar fram mot jul er 21. oktober,
4. november, 18. november og
2. desember.



Ny bok til 4-åringane

Barnas kyrkjebok har vor delt ut til fireåringane i Vaksdal i mange år no. Nett kor mange har eg ikkje funne ut, men det er 25 år sidan boka vart gjeven ut. Dei siste åra har me fått spørsmål om ikkje me snart skal finne ei anna bok. Og det er jo slik at no fekk borna gjerne den same boka som foreldra fekk i si tid! No er då tida komen for ei ny bok, Frå i år av og inntil vidare vil fireåringane få boka Mi Kyrkjebok 4.

Frode Kvamsøe

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

18.09.2011	Lucas Indrebø Johansen
18.09.2011	Edward André Skaftun
18.09.2011	Olav Sellevold Erdal
18.09.2011	Frida Agasøster Kvamme

Bergsdalen

04.09.2011	Trym Hoddevik Fosse
------------	---------------------

Eidsland

11.09.2011	Nathaniel Mo Boge
------------	-------------------



VIGDE

Dale

27.08.2011	Solgun Dalseid og Tore Vaa
------------	----------------------------

Bergsdalen

01.10.2011	Synnøve Lohne og Eirik Vestrheim
------------	----------------------------------

Stamnes

03.09.2011	Merete Langeland og Ivar Tøsse
------------	--------------------------------

Vaksdal

20.08.2011	Monica Boge og Johnny Andreassen
------------	----------------------------------



DØDE

Dale

30.08.2011	Gunvor Fadnes	f. 1922
30.08.2011	Magnus Sigurd Wefring	f. 1943
10.09.2011	Signe Samuelsen	f. 1930
17.09.2011	Agnar Odd Vatle	f. 1932
17.09.2011	Olav Hartvig Dale	f. 1946
22.09.2011	Olaug Lid	f. 1938

Stamnes

03.09.2011	Anny Bolstad	f. 1925
------------	--------------	---------

Vaksdal

14.09.2011	Ella Johnsen	f. 1913
17.09.2011	Nina Senneseth	f. 1918



VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 16. oktober

18. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 2,1828

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp. Nattverd. 50-årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 23. oktober

19. SUNDAG ETTER PINSE Sal. 73,2328

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Jubileumsgudsteneste. Prost Arild Hellesøy, Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Nattverd. Blanke Messingen, Stamnes barnekor og Kilden deltek. Jubileumsoffer. Fest etter gudstenesta. Sjå omtale av jubileumsfeiringa for Stamnes kyrkje andre stader i Kyrkjebladet.

Sundag 30. oktober

BOTS OG BEDEDAG Hebr. 3,711

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd Offer til kyrkjelydsarbeidet.
DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Presentasjon av nytt sokneråd. Offer til IKO Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 6. november

HELGEMESSE Matt. 5,112

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Offer til barnearbeidet i kyrkjelyden.
DALE KYRKJE kl. 18.00. Lysvesper. Sjå omtale ein annan stad i Kyrkjebladet.

Sundag 13. november

22. SUNDAG ETTER PINSE 2. Mos. 3,1115

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 20. november

SISTE SUNDAG I KYRKJEÅRET Matt. 25,3146

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.

Sundag 27. november

1. SUNDAG I ADVENT Luk. 4,1622a

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Utdeling av 4- og 6-årsbok. Offer til Sjømannskyrkja.
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Utdeling av 4-årsbok. Offer til ny kalk til Eidsland kapell.
VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Dåp. Offer til HimalPartner.
DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Kirkens Bymisjon.

Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.